

Ref.nr.:

Saksnr:

Dato:

## **Verneplan for Naustdal-Gjengedal**

### **1 FRAMLEGG**

Miljøverndepartementet legg med dette fram forslag til Verneplan for Naustdal-Gjengedal. Verneplanen omfattar Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det føreslåtte landskapsvernområdet ligg i kommunane Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal i Sogn og Fjordane fylke og har eit areal på om lag 393,3 km<sup>2</sup>. Arealet ligg på privat grunn.

### **2 HEIMELSGRUNNLAG**

Området er eit eigenarta og vakkert naturområde. Området er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep og har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn.

På denne bakgrunnen gjer ein framlegg om at området blir etablert som landskapsvernområde i medhald av naturvernloven § 5.

### **3 VERNEVERDIAR**

Naustdal-Gjengedalområdet er eit samanhengande fjellområde som er lite påverka av tyngre tekniske inngrep. I Direktoratet for naturforvaltning si registrering av dei siste villmarksprega områda av ein viss storleik i Noreg, er Naustdal-Gjengedal eit av dei som ligg lengst vest og med oseanisk påverknad. Landskapet har stor variasjon; frå dei tronge og lange dalføra opp frå Gløppefjorden til fjellområde med brear. I ein nasjonal landskapsvurdering utført av Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, er landskapet, og særleg vassdragsnaturen, i Naustdal-Gjengedal vurdert å vere blant det beste ein finn i landskapsregionen "Lågfjellet i Sør-Noreg". Planområdet har nokre einskilde område med høg verneverdi. Særleg er myr- og deltaområdet aust for Vonavatnet og tilsvarende nordaust for Storevatnet ofte trekt fram i dei faglege rapportane om biologiske verneverdiar.

## 4 TRUGSMÅL MOT VERNEVERDIANE

Meir vegbygging, hyttebygging og vasskraftutbygging er tiltak som kan vere trugsmål mot verneverdiane.

## 5 ANDRE INTERESSER

Tradisjonelt har Naustdal-Gjengedalsområdet vore mykje nytta til landbruk, hovudsakleg til beitebruk. Fjellområdet er framleis viktig som beiteland. I fleire av bygdene er det planar om landbruksveggar inn i området i samband med skogbruk og/eller jordbruk.

Det er interesser knytt til vasskraftutbygging i Naustdal-Gjengedalsområdet. I området er det vassdrag med utbyggingsprosjekt i Samla Plan. Gjengedalsvassdraget er plassert i kategori I, og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har opplyst at det føreligg ein søknad frå 1988 om konsesjon for kraftutbygging som mellom anna omfattar Storevatnet. Utbygging av Stegsvatnet mot Jølster er plassert i kategori II. Nausta er blitt varig verna ved suppleringa av Verneplan for vassdrag i 2005.

Det finst ikkje eigne reiselivsverksemdar i sjølve verneområdet, men området vert nytta til friluftsliv og andre aktivitetar av folk frå bygdene rundt verneområdet.

I Ålhus i Jølster er det muta eit område og gjennomført grunnboring for å undersøkje om der finst drivverdige førekomstar av platina.

## 6 PLANSTATUS

Førde: Området er i kommuneplanen bandlagt etter plan- og bygningslova § 20-4, første ledd nr 4.

Gloppen: Området er i gjeldande kommuneplan frå 1997 vist som område som skal bandleggast, men rettsverknaden av dette har gått ut. Ein søknad frå 1988 om konsesjon for kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget omfatta Storevatnet. Statusen for denne søknaden er seinare blitt endra slik at prosjektet ikkje lenger har status som konsesjonssøkt.

Jølster: Området er landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen.

Naustdal: Området er LNF-område i kommuneplanen.

## 7 SAKSHANDSAMING

### 7.1 Bakgrunn

Gjennomføring av Verneplan for Naustdal-Gjengedal er ei oppfølging av Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Verneplanen bidrar til å oppfylle målet om å verne eit representativt utval av norsk natur. Dette målet har vore framheva gjennom fleire stortingsmel-

dingar og handsamingar i Stortinget. Det er også framheva i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*.

## 7.2 Saksgang

Eit framlegg om vern av Naustdal-Gjengedal etter naturvernloven blei første gongen fremma av Statens Naturvernråd i NOU 1986:13 Ny landsplan for nasjonalparker. Rådet såg det som naturleg om ein verna eit kjerneområde på om lag 500 km<sup>2</sup> som nasjonalpark og eit kringliggande område på om lag 400 km<sup>2</sup> som landskapsvernområde. Framlegget om vern av Naustdal-Gjengedal vart vidareført i St.meld. nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Etter Stortinget si handsaming av meldinga, vart det vidareført eit framlegg om vern av Naustdal-Gjengedal som landskapsvernområde.

Arbeidet starta opp i august 1998 ved formell melding frå fylkesmannen om oppstart av planarbeidet. Fylkeskommunen tok initiativ til at planprosessen burde gå etter plan- og bygningsloven. Etter kontakt med Miljøverndepartementet vart det bestemt at det skulle utarbeidast ein felles verneplan og fylkesdelplan.

Fylkesmannen og fylkeskommunen har utarbeidd planar for Naustdal – Gjengedal i eit felles plandokument, men planane vert likevel handsama i samsvar med den formelle saksgangen etter plan- og bygningsloven og naturvernloven. Det har vore ei felles styringsgruppe på fylkesnivå med representantar frå fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane, grunneigarane, Sogn og Fjordane Energiverk og Naturvernforbundet. Denne styringsgruppa er formelt sett rådgjevande overfor dei to planansvarlege.

Fylkesmannen har gjennomført både den lokale og den sentrale høyringa av verneplanen. Planen vart send på høyring den 23. mars 2000.

Fylkesmannen sende på høyring eit framlegg til grense med to alternativ ved Storevatnet i Gloppen kommune. Dette har vore eit av dei mest omdiskuterte områda, med den største motsetninga mellom kraftutbygging og landskapsvern. Alternativ 1 er det største vernealternativet, der grensa er trekt over Storevatnet, medan i alternativ 2 er heile vatnet halde utanom verneområdet. Fylkesmannen gjekk før høyringa inn for alternativ 2 under føresetnad av at eventuell kraftutbygging ikkje fører til djupare senking enn 3,5 – 4 meter, men bad også om kommentarar på alternativ 1.

Fylkesmannen la fram si tilråding for Direktoratet for naturforvaltning (DN) i februar 2001. Tilrådinga blei også lagt fram for kommunane. I si tilråding til DN har fylkesmannen gått inn for alternativ 1 til grense ved Storevatnet. Dette er omtala under fylkesmannen sine merknader til høyringa.

Fylkeskommunen har i prinsippet vore i mot vern etter naturvernloven i Naustdal-Gjengedal. Fylkeskommunen og fylkesmannen har likevel samarbeidd om ein felles verneplan og fylkesdelplan.

Etter ønske frå grunneigarar i Instedalen i Naustdal kommune og Gjengedalen i Gloppen kommune vart det den 22. juni 2001 gjennomført synfaring i Instedalen der grunneigarar og representantar frå fylkesmannen og DN deltok.

Fylkesmannen mottok den 7. februar 2001 planar frå Gloppen kommune om hyttebygging og bygging av naust i Langedalen innanfor framlegget til landskapsvernområde. Hytteplanen er frå 1981 og omfattar 10 hytter. I si tilråding til DN ønskte fylkesmannen ikkje å opne for nytt hyttefelt ved Langedalsvatnet. Etter innspelet frå kommunen var fylkesmannen på synfaring i dei aktuelle områda sommaren 2001. Fylkesmannen går etter synfaringa inn for at grunneigarane ved Arnestadstøylen ved Langedalsvatnet i Gloppen får byggje naust og hytter etter reviderte planar, då dette er planar som går tilbake til 1981. Då vil alle grunneigarar og bruksrettshavarar ha høve til å byggje naust og hytte.

Fylkesmannen vart etter at vernesaka var oversend til DN, merksam på at det i gjeldande kommunedelplan i Traudalen i Gloppen kommune er eit godkjent hyttefelt og naust-rekkje innanfor framlegget til grense for landskapsvernområdet. Planane for hyttefeltet går tilbake til 1970-talet og plasseringa av dei einsskilte hyttene er skildra i eit tidlegare jordskifte. Kommunedelplanen vart vedteken i 1998. Fylkesmannen går inn for ei mindre grenseendring i Traudalen slik at alle hyttene i det planlagde hyttefeltet fell utanfor verneområdet, medan den planlagde naust-rekkja ved Traudalsvatnet blir liggjande innanfor.

DN viser til at dei nemnde planane om hyttebygging er frå tida før det vart gjort framlegg om eit verneområde i Naustdal/Gjengedal. Det har vore eit utgangspunkt for arbeidet med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde at verneområdet ikkje skulle kome i strid med tidlegare vedtekne og godkjende planar. DN er samd i fylkesmannen sine vurderingar i desse konkrete sakene. DN ser det ikkje som aktuelt med ytterlegare hyttebygging innanfor framlegget til verneområde.

I møte den 25. oktober 2001 vart aktuelle kommunar og organisasjonar orientert om DN si tilråding til Miljøverndepartementet. DN sende si tilråding om verneframlegget over til Miljøverndepartementet den 31. oktober 2001.

Våren 2001 vedtok Stortinget at Verneplan for vassdrag skulle supplerast. Norges vassdrags- og energidirektorat utarbeida i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning ei liste over vassdrag som ein skulle vurdere i samband med ei slik suppleringsplan. Både Nausta og Gjengedalsvassdraget stod på denne lista. Miljøverndepartementet såg behov for ei avklaring av spørsmålet om kraftutbygging i Nausta og Gjengedalsvassdraget før framlegget om vern i Naustdal-Gjengedalområdet vart slutthandsama. I eit brev til fylkesmannen og fylkeskommunen den 23. august 2002 opplyste difor departementet at verneplanen og fylkesdelplanen for Naustdal-Gjengedal ville bli slutthandsama etter at det endelege framlegget til suppleringsplan for vassdrag har vore drøfta av Stortinget. Stortinget handsama St.prp.nr. 75 (2003-2004) *Suppleringsplan for vassdrag* våren 2005.

I perioden sidan direktoratet oversende si tilråding i saka i oktober 2001 har det kome inn nokre nye synspunkt knytt til kraftutbygging. Miljøverndepartementet har handsama desse synspunkta på same måten som dei uttalene ein fekk inn under høyringa. Direktoratet si vurdering er henta inn i dei tilfella dette har vore naudsynt. Dei nye uttale- ne er referert og kommentert under kapitlet "Merknader til avgrensinga".

Hausten 2008 hadde Miljøverndepartementet møte med kommunar som vernesaka an- går.

### 7.3 Forholdet til konsekvensutgreiingar

Det går fram av forskrift 1. april 2005 om konsekvensutgreiingar at ein alltid skal hand- same etter forskrifta planar og tiltak som nasjonalparker og andre verneområde etter naturvernloven større enn 500 km<sup>2</sup>, og nasjonalparker og andre vernetiltak etter natur- vernloven på meir enn 250 km<sup>2</sup> dersom tiltaket fører til ei vesentleg endring i dagens bruk for primærnæringane eller reiseliv i regionen. Arealet av det føreslåtte Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde er mellom 250 km<sup>2</sup> og 500 km<sup>2</sup>. Direktoratet for natur- forvaltning har vurdert at eit vern ikkje vil føre til vesentleg endring for primærnæringar og reiseliv. Direktoratet har difor konkludert med at verneplanen ikkje omfattast av for- skrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningsloven.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratets konklusjon når det gjeld spørsmålet om konsekvensutgreiing. Departementet viser til at verneplanen elles er greidd ut i samhøve med reglane i forvaltningsloven, naturvernloven og plan- og bygningsloven. Gjennom høyringa er ulike interesser breitt belyst og vurdert. Det er ikkje avdekka konsekvensar som krev ytterlegare utgreiingar av samfunnsinteresser slik som nær- ingsverksemd, i samhøve med Utredningsinstruksen pkt. 2.3.2.

## 8 VIKTIGE ENDRINGAR UNDER PLANPROSESSEN

### 8.1 Avgrensing

Etter høyringa er det tilrådd at vernegrensa vert justert på fire punkt:

- Ei mindre grenseendring aust for Trodalsvatnet etter ønske frå Naustdal kom- mune. Endringa vil ikkje vere noko nemnande tap for verneverdiane i området.
- Grensa vest for Breimsvatnet vert flytta litt vestover til eit punkt som er lettare å definere både på kartet og i terrenget. Denne justeringa betyr lite for verneverdiane i området.
- Vernegrensa vert plassert etter alternativ 1 over Storevatnet i Gjengedalen.
- Ei mindre grenseendring i Traudalen for å ta ut eit planlagt hyttefelt.

### 8.2 Forskrift

Vurderingar kring bruk og vern har ført til endringar i vernereglar. Såleis er vernefram- legget tilpassa andre brukarinteresser. Ein viser elles til omtale under kapittel 12.3.

### 8.3 Forvaltning

I framlegget som vart sendt på høyring, heiter det: " ... det er truleg ikkje aktuelt å overføre forvaltningsansvaret til kommunane med mindre alle dei fire kommunane kan ta på seg dette".

DN opnar no for at forvaltningsansvaret kan delegerast til nokre av kommunane sjølv om ikkje alle kommunane ønskjer dette ansvaret. Dei kommunane som ønskjer å overta forvaltningsansvaret, vil også få ansvaret for å utarbeide forvaltningsplan for området.

## 9 FORHOLDET TIL FYLKESDELPLAN FOR NAUSTDAL-GJENGEDAL

Fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal omfattar område i kommunane Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal.

Arbeidet med fylkesdelplanen har så langt som mogleg vore samkjørt med verneplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, slik at dei to planane skal utfylle kvarandre med omsyn til areal- og virkemiddelbruk. Godkjenning av fylkesdelplanen vil skje gjennom vedtak som blir fatta av Miljøverndepartementet, der departementet tek omsyn til verneplanen.

## 10 FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

Etter delegering frå Miljøverndepartementet av 25. august 1998, har DN mynde til å bestemme kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområde i Noreg. DN er innstilt på å overføre formell mynde for verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde til dei kommunane som ønskjer det. Miljøverndepartementet viser til at evalueringa av forsøka med lokal forvaltning i fire store verneområde no føreligg. Departementet vil på bakgrunn av desse resultata leggje fram forslag for Stortinget om korleis forvaltninga av verneområde bør organiserast. Inntil det blir tatt endeleg stilling til dette, tilrår departementet i likskap med direktoratet, at forvaltningsmynde kan overførast til dei kommunane som ønskjer det. Ved eventuell delegering av forvaltningsansvaret til kommunane, må det likevel klart gå fram at det kan bli endringar i forvaltningsregimet som følgje av ei seinare stortingshandsaming.

Departementet viser til at ein forvaltningsplan er eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje verneformålet. Ein forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde bør utarbeidast snarast råd etter vernevedtaket. I arbeidet bør ein trekkje inn alle relevante aktørar.

Høyringsdokumentet og lokal høyringsprosess kom før Statens naturoppsyn (SNO) var fullt etablert og operativt som statleg naturoppsyn, og SNOs kommande rolle var enno

ikkje særleg tydeleggjort på det tidspunktet. Innspela ved både lokal og sentral høyring har difor i liten grad vektlagt oppsynsspørsmålet. DN meiner det er viktig å få eit samordna og heilskapleg statleg naturoppsyn i det nye verneområdet. Også SNO sitt arbeid med skadedokumentasjon og bestandsregistrering av rovvilt må sjåast i samanheng med oppsynsbehovet i det nye verneområdet, for å få ei best mogleg utnytting av oppsynsressursane. Det er samstundes viktig at ein legg vekt på å få til eit godt samarbeid med eksisterande lokalt oppsyn, for å sikre god lokal forankring og gode faglege relasjonar. DN vil tilrå at det blir oppretta i størrelsesorden 1 SNO-stilling knytt til området, kombinert med midlar til lokalt tenestekjøp.

Miljøverndepartementet viser til at utgifter til erstatningar og gjennomføring av erstatningsprosessen samt merking og oppsetjing av skilt er dekkja innanfor løyvinga og tilsgagnsfullmakta under kap. 1427 post 34. Den årlege budsjettmessige oppfølginga av utarbeiding av forvaltningsplanar og etablering av oppsyn og skjøtsel vil vere avhengig av den økonomiske utviklinga og budsjettsituasjonen.

Departementet viser til at det har vore ein samkjørt verneplan- og fylkesdelplanprosess der spørsmålet om økonomiske verkemiddel har stått sentralt. Regjeringa tilrå at ein set av midlar til eit næringsfond i dei kommunane som saka angår.

## 11 HØYRING AV VERNEFRAMLEGGET

I tillegg til grunneigarar, rettighetshavarar, kommunar, fylkesinstansar og departement med underliggjande sentrale organ, har følgjande organisasjonar og instansar hatt planen til uttale:

Sogn og Fjordane Energiverk, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeslag av Norges jeger- og fiskerforbund, Sogn og Fjordane Turlag, Indre Sunnfjord Turlag, Friluftslivets fellesorganisasjon, NOF avd. Sogn og Fjordane, Distriktsalliansen, Kommunenes sentralforbund, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning, NHO avd. Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Sau- og geitlagslag, Sogn og Fjordane Reiselivsråd, Fjordane politikammer, Fjordane HV-distrikt 10, Fjordane Regiment/Forsvarets bygningstjeneste, Forsvarets bygningstjeneste Sør-og Vestlandet, Statens namnekonsulentar for Vestlandet, Bergvesenet, Norges Geologiske Undersøkelse, Kommunenes sentralforbund, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norskog, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Fjellstyresamband, Braathens, SAS Norge, Widerøe's Flyveselskap ASA, Norsk Aeroklubb, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Fremtiden i våre hender, Norges Naturvernforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Foreningen Våre Rovdyr, Norsk Limnologforening, Norsk Biologiforening, Norsk Entomologisk Forening, Norsk Geologiråd, Verdens Naturfond, Greenpeace, Stiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Miljøheimevernet, Norges Miljøvernforbund, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådernes Landsforbund, Norges Idrettsforbund, FORF-Norges Røde Kors, Norsk Geologiråd, Villreinrådet i Norge, Det Kgl. Selskap for Norges Vel, Norges Velforbund, Prosessindustriens landsforbund, Energiforsyningens fellesorganisasjon, Statkraft SF, Statnett SF, Kulturminnevernets

fellesorganisasjon, Fortidsminneforeningen, Forum for utvikling og miljø, Norsk Almenningsforbund, Utmarkskommunenes sammenslutning, Nortra, Reiselivsbedriftenes landsforening, Transportbedriftenes landsforening, Jordforsk, Norsk institutt for skogforskning, Stiftelsen for naturforskning og kulturminneforskning, Norsk institutt for vannforskning, Universitetet i Bergen, Norges Landbrukshøgskole.

I samband med lokal og sentral høyring fekk respektive 539 og 73 instansar saka til uttale. Det kom inn 80 fråsegner, og 10 av desse er frå organisasjonar eller etatar som deltok i den sentrale høyringa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og dei fire kommunane (Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal) har i prinsippet vore i mot vern etter naturvernloven. Dei har meint at anna lovverk ville sikre naturkvalitetane i området, og at vern vert eit hinder for vidare næringsutvikling.

## **12 MERKNADER TIL VERNEFRAMLEGGET**

### **12.1 Generelle merknader**

Følgjande instansar av dei som har uttalt seg, har ingen eller mindre vesentlege merknader, eller gjev positiv tilslutning til verneframlegget: Statens vegvesen Sogn og Fjordane vegkontor, Vegdirektoratet, Jernbaneverket region vest, Luftfartsverket, Statnett, Statens kartverk, Statskog, Norges geologiske undersøkelse, tre hytteeigarar.

Alle dei aktuelle kommunane går i mot oppretting av landskapsvernområdet. Kommunane meiner det må tilførast offentlege midlar gjennom eit næringsfond for området. Gloppen og Naustdal kommunar meiner anna lovverk sikrar natur- og landskapskvalitetane i området, og at vern vert eit hinder for vidare næringsutvikling. Jølster kommune meiner forvaltninga må ta omsyn til utvikling og nye behov i landbruks- og utmarksnæringsane.

Ein grunneigar meiner det bør setjast i gang kraftutbygging i området, og at dette ikkje vil øydeleggje naturen.

Grunneigarlaget i Instedalen går i mot verneframlegget slik at Instedalen framleis kan vere ein levande del av Naustdal kommune.

Fem grunneigarar i Gjengedalen er i mot vern av eigedomane.

Grunneigarane på Mjellem og Rognkleiv i Hyen meiner grunneigarane har forvalta området godt fram til no, og landskapsvernområde vil heller verte negativt for landskap og miljø og feil bruk av ressursar.

Grunneigarane i Helgeheimsdalen er i mot oppretting av verneområdet.

Seks grunneigarar i Øvrebø peiker på at ressursane i området ikkje må bandleggast.

Bondelaget, Småbrukarlaget og Skogeigarlaget i Naustdal er i mot vern i Instedalen og hevdar at grunneigarane syter for det beste vernet gjennom drift av området.

Reinen og Bruflot Sankelag og Grimset og Vona Sankelag går i mot verneframlegget.

Gloppen skogeigarlags primære standpunkt er å avvise heile verneplanen.

Samarbeidsrådet for utmarksnæringsar i Gloppen og Hyen sau- og geitealslag meiner oppretting av verneområdet vil verte ein negativ faktor og feil bruk av ressursar.



Regionrådet for villaks i Nordfjord meiner verneplanen ikkje må opne for kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget.

Samarbeidsrådet for bevaring av biologisk mangfald er positive til verneforslaget, men meiner kraftutbygging vil redusere verneverdiane.

Alprina AS reiser spørsmål ved om så store område i Jølster kommune var teke med då Stortinget gjorde vedtak om at det skulle utarbeidast verneplan.

Førdefjella Villreinnemnd kan ikkje sjå at eit eventuelt vern vil ha særleg positiv verknad for villreinstamma i området. Det vil heller trekkje til seg meir folk, noko som er uheldig.

Sogn og Fjordane turlag kritiserer at turlaget ikkje vart invitert med i styringsgruppa, og viser til dei sterke interessene dei har mellom anna i turområdet ved Ytste Langevatnet. Dei påstår det er mangel på kunnskap i styringsgruppa om verknader av kraftutbygging i dette området. Planframlegget tek for mykje omsyn til fylkeskommunen sine forretningsmessige interesser i Sogn og Fjordane Energiverk (SFE).

Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag kan ikkje akseptere vern utan erstatning til grunneigarane.

Naustdal Høgre meiner at vern av området vil få store konsekvensar for lokalsamfunnet og Naustdal kommune.

Naustdal Senterparti meiner anna lovverk sikrar natur- og landskapskvalitetane i området og går i mot oppretting av landskapsvernområdet. Dei meiner også at vern vert eit hinder for vidare næringsutvikling. Ved eit vern må det tilførast offentlege midlar til næringsutvikling.

Naustdal SV stør framlegget.

Fylkeslandbruksstyret ber om at det vert gjeve kompensasjon/erstatning til eigarane, kommunane og fylkeskommunen.

Norges Naturvernforbund peikar på at planframlegget er eit resultat av kompromiss i styringsgruppa mellom verneinteressene og næringsinteressene, og at ein må ta omsyn til dette i den vidare planprosessen slik at ikkje framlegget vert redusert meir korkje i avgrensing eller innhald.

Statens Naturforvaltningsråd minner om at verneområdet no er på omlag 390 km<sup>2</sup>, medan det i framlegget frå Naturvernrådet (NOU1986:13) var tale om 900 km<sup>2</sup>. Dei tilrår at verneframlegget vert sendt på ny høyring der ein også tek med stølsdalane i landskapsvernområdet og områda med retningsliner frå fylkesdelplanen.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser i sin uttale datert 11. oktober 2000 til at Gjengedalsvassdraget føreligg konsesjonssøkt med senking av mellom anna Storevatnet med 28 meter. I Naustdalsvassdraget er maksimalt utbyggingsprosjekt omfattande, med overføring av vatn frå Blådalsvatnet, Sørsendalsvatnet og Stegsvatnet. Den felles verneplanen og fylkesdelplanen presenterer alternativ med mindre utbyggingar som generelt vil gjere at kraftverksøkonomien vert forringa. NVE legg til grunn at fylkesmannen finn løysingar som ikkje er til hinder for at prosjekta i kategori I i Samla Plan kan konsesjonshandsamast.

Landbruksdepartementet vurderer restriksjonane som vert lagt på landbruksnæringa i landskapsvernområdet som akseptable.

Fylkesmannen har merka seg at dei fleste av grunneigarane har gått i mot oppretting av landskapsvernområde. Hytteeigarar i Naustdal-Gjengedalsområdet går stort sett inn for vern.

Fylkesmannen viser til at Stortinget har slutta seg til at det kan opprettast eit landskapsvernområde i det aktuelle området på grunn av dei store verneverdiane her. Fylkesmannen viser også til at kraftutbygging vil redusere andelen av urørt natur. Fylkesmannen peiker på at Miljøverndepartementet har bede fylkesmannen om å leggje fram eit konkret framlegg til verneplan for Naustdal – Gjengedal, og der ein i størst mogleg grad skal avklare tilhøvet til andre samfunnsinteresser, mellom anna planar om kraftutbygging. Etter fylkesmannen si vurdering er det ikkje mogleg å sameine ei full kraftutbygging etter prosjekta i Samla Plan og samstundes opprette landskapsvernområde. For å kunne utføre verneplanoppdraget må fylkesmannen tilrå at utbygging av Nausta og Gjengedalsvassdraget vert mindre enn dei maksimale utbyggingsprosjekta som er skisserte i Samla Plan.

I nasjonalparkmeldinga er det tale om eit kjerneområde på 500 km<sup>2</sup> til nasjonalpark og eit område kring dette på ca 400 km<sup>2</sup> til landskapsvernområde, d.v.s. til saman 900 km<sup>2</sup> i kommunane Gloppen, Førde, Jølster og Naustdal. Det er ikkje heimel til oreigning av privat grunn til nasjonalpark, og det som er ført vidare i dette planframlegget er eit kjerneområde på omlag 390 km<sup>2</sup>. Kommentaranane frå Naturvernrådet til storleiken på verneområdet, ser fylkesmannen på som uttrykk for ei ideell løysing sett utifrå verneverdiane. Fylkesmannen ser det ikkje som aktuelt med ny høyring.

Kravet om oppretting av eit næringsfond for dei fire kommunane dersom det vert oppretta landskapsvernområde, er, slik fylkesmannen ser det, ei presisering av og eit konkret framlegg i samsvar med eit av programmåla i planframlegget. Ei kopling mellom plan og verkemiddel meiner fylkesmannen er avgjerande for at kommunane skal få gjennomslag for sitt krav. Spørsmålet om erstatning ligg utanfor fylkesmannen sitt ansvarsområde.

Fylkesmannen har også som målsetting at Instedalen skal vere levande, og peiker på at den felles verne- og fylkesdelplanen inviterer til vidare arbeid med næringsutvikling i området.

Villreinstamma i dette området har ikkje vore sentral i grunngevinga for landskapsvernområde.

Samansettinga av styringsgruppa avspeglar etter fylkesmannen si meining det store spennet mellom arealbruksinteressene i området. Friluftinteressene i området er godt dokumenterte i planframlegget og elles tillagt stor vekt i avveginga mellom kraftutbygging og vern.

Når det gjeld påstanden om at fylkeskommunen ikkje er i stand til å opptre som forvaltningsorgan i saker der Sogn og Fjordane Energiverk har interesser, viser fylkesmannen til at dette vart drøfta i eige møte i fylkesutvalet ved oppstart av planarbeidet der det vart

presisert at fylkeskommunen her opptre som planstyresmakt og prosessleiar i samsvar med reglane i plan- og bygningsloven.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har merka seg at kommunane og dei fleste grunneigarane går i mot at det aktuelle området vert verna. DN peikar på dei store verneverdiane i området, og vil særleg framheve at ein her har eit stort, samanhengande naturområde utan større tekniske inngrep. DN meiner at bruk av naturvernloven vil sikre verneverdiane i eit langsiktig perspektiv samstundes som eksisterande bruk kan vidareførast utan større konsekvensar for lokalsamfunnet. DN tilrår difor at området vert verna som landskapsvernområde.

DN viser til at det ikkje er etablert økonomiske ordningar direkte knytt til vern etter naturvernlova utover erstatningsordningane og gjeldande budsjettammer for forvaltninga.

Miljøverndepartementet kommenterer økonomiske konsekvensar i kapittel 10 og temaet kraftutbygging i kapittel 12.2 "Merknader til avgrensinga" og sluttar seg elles til direktoratet si tilråding.

## **12.2 Merknader til avgrensinga**

Alle dei aktuelle kommunane går i mot oppretting av landskapsvernområde, men dei har vurdert og kommentert det konkrete verneframlegget slik det går fram av merkna-dene under. Naustdal kommune krev at grensa ved Trodalen blir justert.

Gloppen kommune går inn for alternativ 1 ved Storevatnet. Kommunen meiner grensa må trekkjast innom Traudalsvatnet og stølen Dalen, innom Langedalsvatnet og Fitjestøylen, innom Sørsendalen, og tilbake frå dei drivverdige naturskogområda ved Breimsvatnet der kommunen viser til at vernegrensa ligg utanfor grensa som vart nytta ved oppstart av planarbeidet.

Jølster kommune går inn for at grensa skal gå ved nordenden av Stegsvatnet.

Grunneigarar og Naustdal elveeigarlag kan ikkje akseptere ei magasinbasert utbygging som endrar naturleg temperatur og vassføring.

Grunneigarlaget i Instedalen, Førde og Naustdal saueigarlag og Naustdal Høgre går inn for å trekkje grensa inn til Inste Langevatnet av omsyn til kraftutbygging og stølsdrift.

Dei meiner det berre er gjort kosmetiske endringar i forhold til første utkast til grenser.

Fem grunneigarar i Gjengedalen vil at Måsevassdalen blir tatt ut og at grensa blir flytta opp til 750 m.o.h. Dei går inn for regulering på inntil 1,2 m av Storevatnet.

To grunneigarar og grunneigarar i Gjengedal, Ommedal og Aa går inn for vernegrense etter alternativ 1 ved Storevatnet.

Grunneigarane på Mjellem og Rognkleiv i Hyen meiner grensa må trekkjast opp til 700 m.o.h. Dei går inn for alternativ 2 for vernegrensa ved Storevatnet.

31 hytteeigarar ved Dalevatnet og Storevatnet støttar alternativ 1 ved Storevatnet.

Ein hytteeigar meiner grensa må trekkjast mellom Inste og Ytste Langevatnet.

Ein hytteeigar støttar det opphavlege grenseforslaget der grensa går vest for Dalevatnet/Storevatnet.

Rygg og Grov grunneigarlag ber om at grensa vert trekt vekk frå Traudalen og til vassskiljet mot Gjengedalsvassdraget. Ein grunneigar stiller seg ikkje bak grunneigarlaget sin uttale om at vernegrensa bør flyttast vekk frå Traudalen.

Fitje Sameige ber om at vernegrensa vert trekt vest for Langedalsvatnet og sør for Fitjestøylen av omsyn til stølsdrift.

Grunneigarane på Arnestad og Gimmestad og Moen Grunneigarlag ber om at vernegrensa vert flytta til vestsida av Langedalsvatnet. Dersom grensa ikkje vert flytta, ber grunneigarane på Arnestad om at grunneigarane får utnytte det tradisjonelle næringsgrunnlaget på land og i vatn også i framtida.

Ein grunneigar ber om at grensa vert utvida mot Øvrebø.

Tre hytteigarar og "Vener av Vona" ønskjer at Vonavatnet og elva nedanfor vert verna. Den eine hytteigaren meiner også at våtmarksområdet ved Svølstølsvatnet bør med.

Grunneigarane i Ytre Kandal krev at grensa vert flytta sør for Sørsendalsvatnet.

Ein hytteigar ber om at grensa for verneområdet vert trekt vestover mot høgdedraget aust for Kvandalsvatnet og Blådalsvatnet. Han meiner vidare at ein for stor del av Myklandsdalen er lagt inn i verneområdet.

Grunneigarar på Årdal og Erikstad ber om at grensa må gå nord for Stegsvatnet for å opne for kraftutbygging.

Seks grunneigarar i Øvrebø meiner grensa må trekkjast tilbake i området nord og vest for Gotdalstøylen.

Ein grunneigar ber om at vernegrensa vert flytta opp over fossen frå Styggjetjørna for å opne for bygging av minikraftverk.

Fylkeslandbruksstyret meiner avgrensinga i hovudprinsippet er akseptabel.

Bondelaget, Småbrukarlaget og Skogeigarlaget i Naustdal meiner stølsdalen Vona-Longvasstranda må haldast utanfor.

Nes grunneigarlag stiller seg undrande til at heile Nesfjellet med Ryssdalshorn er tatt med då dette ligg heilt avgrensa frå resten av fjellområdet. Dei har tomt for sankehytte og ber om at det vert tatt omsyn til dette. Dei meiner også at eit grensepunkt er for nær Breimsvatnet.

Naustdal Senterparti meiner grensa må leggjast innom Gotdalstøylen og at grensa bør justerast ved Trodalen.

Gloppen skogeigarlag ber om at vernegrensa vert flytta oppom produktive skogområde. Samarbeidsrådet for utmarksnæringar i Gloppen og Hyen sau- og geitealslag meiner at grensa må trekkjast opp til 700 m høgdekota.

Brødrene Aa, Hyen Laks og Hyen Fisk og Norsk Villaksbevaring AS og Samarbeidsrådet for bevaring av biologisk mangfald går inn for vernegrense etter alternativ 1 ved Storevatnet.

Hyen Utviklingslag meiner det ikkje har vore noko ønskje frå folket i Hyen å få med Gjengedalsmarka i verneområdet.

Alprina AS meiner grensa burde vore trekt utanom det muta området.

Indre Sunnfjord Turlag går inn for alternativ 1 for vernegrense ved Storevatnet og går sterkt i mot framlegget frå grunneigarane i Instedalen om å trekkje grense innom Ytste Langevatnet. Dei støttar også at grensa går ved sørenden av Stegsvatnet. Turruta frå Årdal til Longvasshytta langs Stegsvatnet er den mest brukte inn til fjellområdet. Dei meiner difor vernegrensa bør gå ved 600 m høgdekota mellom Legestøylen og Stegsvatnet.

Sogn og Fjordane turlag meiner det sørvestre området er for sterkt redusert ved Storevatnet i Hyen og ved Stegsvatnet i Jølster. Dei går inn for alternativ 1 ved Storevatnet. Sogn og Fjordane Energiverk meiner at grense etter alternativ 2, som opnar for regulering av Storevatnet, er det største verneområdet som kan akseptast, og ei eventuell utviding av verneområdet i eit av dalføra må føre til at grensa vert trekt tilbake i eit anna vassdrag. Reguleringane av Storevatnet og Vonavatnet vil ha så små landskapsmessige konsekvensar at det godt kan kombinerast med vern. Eventuelle verknader av isforholda i Hyenfjorden ved ei redusert utbygging vil vere så små at det kan løysast både teknisk og økonomisk. Kraftutbyggingsinteressene har kome dårleg ut i samordningsprosessen, og ei eventuell utviding av verneområdet vil vere uakseptabelt.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag meiner dei tre stølsdalane frå Vona og opp til Langevatnet, Traudalen og Langedalsvatnet bør haldast utanfor verneområdet.

Norges Naturvernforbund er ikkje nøgde med avgrensinga av verneområdet og understrekar at dei få stølsdalane som er tekne med i framlegget har svært store naturkvalitetar. Dette gjeld spesielt Traudalen og Langedalen. Dei meiner vernegrensa bør utvidast i områda Rombergvatn – Varliegga, ned til Fossen i Gotdalen i Jølster, og nærmare Legestøylen i Årdal i Jølster. Dei går inn for alternativ 1 ved Storevatnet. Framlegget frå grunneigarane i Instedalen om å tillate regulering av Ytste Langevatnet ser dei på som heilt uakseptabelt.

Forsvarets bygningstjeneste peikar på at Forsvaret har eit anlegg i Nedrebødalen i Jølster som vert nytta til lagring av ammunisjon og sprengstoff, og eit område for feltskyting og sprenging. Planframlegget vil kunne kome i konflikt med Forsvaret sine interesser i samband med sprengingsøvingar og skyting. Prosjektil og sprenglekamar kan få nedslag i verneområdet og det kan verte naudsynt med søk og opprydding etter dette inne i verneområdet. Dei ber difor om at vernegrensa vert plassert ved høgdekote 900 i staden for 550 rundt heile Nedrebødalen.

Norsk Zoologisk Forening går av omsyn til raudliste-arter inn for alternativ 1 ved Storevatnet. På grunn av dyrelivet i området går foreininga også inn for grenseutviding i Gjengedalen og området ved Vonavatnet, Bergstøylen og Svostøylen.

Statens Naturforvaltningsråd går inn for alternativ 1 ved Storevatnet og at eventuell regulering skjer i samsvar med vernet.

Fylkesmannen meiner at ein i denne verneplanen har trekt vernegrensa forholdsvis langt oppover i fleire av stølsdalane for å imøtekomme mellom anna landbruksinteressene. Fylkesmannen meiner vernegrensa ikkje kan trekkjast så langt tilbake at ein ikkje får med dei viktigaste verneverdiane.

Fleire høyringsinstansar tek opp at grensa burde ha vore trekt lenger *nedover* i dalføra, slik at landskapsvernområdet vert større enn framlegget som var på høyring, mellom anna ved Stegsvatnet/Legestøylen, Vonavatnet og Storevatnet/Dalevatnet og mot sørvest. Dersom ein skal utvide landskapsvernområdet utover framlegget (med alternativ) som var sendt på høyring, må det gjennomførast ny høyring. Fylkesmannen ser dette som lite aktuelt. Fylkesmannen peiker på at alle stølar med aktiv drift vert liggjande utanfor landskapsvernområdet, men ut i frå natur- og landskapsmessige vurderingar kan likevel nokre stølsdalar ligge heilt eller delvis innafor.

Fylkesmannen peikar på at vernegrensa er plassert slik at det i liten grad fører til bandlegging av drivverdig skog.

Gloppen kommune går inn for at vernegrensa ved Storevatnet vert trekt etter alternativ 1, d.v.s. på tvers over Storevatnet. Vedtaket er i samsvar med store delar av lokalsamfunnet (Hyen) sitt syn og har vore drøfta i fleire møte i styringsgruppa. Dette er også den løysinga som er best ut frå eit naturvernfareleg synspunkt. Etter møte i styringsgruppa går både fylkesmannen og fylkeskommunen inn for vernegrense etter alternativ 1 tvers over Storevatnet. Dersom vernegrensa vert trekt over Storevatnet (alt. 1), krev Sogn og Fjordane Energiverk (SFE) at grensa vert trekt tilbake i Naustavassdraget. Det ville innebære å trekkje grensa ovanfor Ytste Langevatnet, slik at dette vatnet kan fungere som magasin. Etter fylkesmannen si vurdering vil opning for å regulere Ytste Langevatnet bryte så sterkt med verneverdiane at det i praksis vil vere det same som å gå i mot heile verneplanen. Fylkesmannen ser difor ikkje på det å redusere utbygginga i Gjengedalen mot å opne for full utbygging i Nausta som eit aktuelt alternativ for denne verneplanen. Fylkesmannen rår til at vernegrensa vert plassert ved austenden av Vonavatnet.

Stølane som ligg mellom Vonavatnet og Ytste Langevatnet har ikkje hatt aktiv drift på mange år, og vert no nytta i samband med tilsyn av beitedyr, jakt og fiske og friluftsliv, noko som ikkje er i konflikt med verneplanen. Fylkesmannen er ikkje samd i at det berre er gjort kosmetiske endringar av grensa i planprosessen dersom ein ser heile verneområdet under eitt, og heller ikkje for Naustdal sin del, og viser til endringar som mellom anna førte til at stølar vart tatt ut før høyring.

Fylkesmannen tilrår at grensa ved Trodalen blir justert slik kommunen og grunneigarar krev.

Fylkesmannen peikar på at det ikkje har vore på tale å ta med Vonavatnet og vassdraget nedanfor i verneområdet, og at ein meiner å ha funne ein forsvarleg balanse mellom vern og kraftutbygging.

Fylkesmannen peikar på at Rysdalshorn er eit geologisk interessant område som er med på å gje det totale verneområdet variasjon. Ei eventuell gjetarhytte vil kunne få løyve dersom ho er naudsynt. Fylkesmannen rår til at grensepunktet ved Breimsvatnet vert flytta sidan det ikkje fører til vesentlege tap av verneverdiar.

Dalføret med Langedalsvatnet og Traudalen er vakre dalføre som er med på å gje det aktuelle verneområde auka variasjon og kvalitet. Fylkesmannen har vurdert desse to stølsdalane som svært sårbare for inngrep, og at desse dalane bør med i eit landskapsvernområde. Ut frå planføresetnadene (overordna føringar, mål- og strategiar og prinsipp for grensefastsetting) meiner fylkesmannen at grensene bør gå slik planframlegget viser. Fitjestøylen er halde godt ved like, men har ikkje vore i aktiv stølsdrift på lenge. Verneplanen er ikkje til hinder for dagens bruk med tilsyn av dyr på beite, jakt, fiske og friluftsliv.

Fylkesmannen viser til at føremålet med dette landskapsvernområdet er mellom anna å ta vare på eit forholdsvis stort område med urørt natur med variasjon både i naturtypar og høgde. Dersom ein trekkjer vernegrensa heilt opp til 700 meter over havet, vil kjerneområdet av urørt natur verte sterkt redusert.

Fylkesmannen meiner at dersom ein skal flytte grensa sør for Sørsendalsvatnet, vil det redusere så mykje av kjernen av verneområdet at det ikkje er fagleg forsvarleg å opprette landskapsvernområdet. Fylkesmannen har heller ikkje registrert sterke interessekonfliktar i området.

Vernereglane gjer unntak for vedlikehald av eksisterande bygningar og opnar også for utviding og ombygging på visse vilkår. Det kan også gjevast løyve til oppsetting av gjerde og bruer. Fylkesmannen finn difor ikkje grunn til å endre vernegrensa ved Myklandsdalen på grunn av desse innvendingane.

Grensa er trekt bak om stølane på Øvrebø fordi det alt er bygd veg opp forbi fossen. Området derifrå og inn til Goddalstøylen har ikkje spesielle kvalitetar som gjer at det absolutt treng vere med i verneområdet.

Det aller meste av det muta området vil ligge utanfor verneområdet, og i verneforskrifta er det opna for å kunne gje løyve til bergverksdrift ved tunnel frå utsida av verneområdet.

I Samla Plan er det vurdert eit prosjekt med utbygging av Stegsvatnet mot Legestøylen, og det er plassert i kategori II. Eit eventuelt nytt/justert prosjekt vil måtte gå gjennom ei vurdering etter prinsippa i Samla Plan. Etter fylkesmannen si vurdering bør omsynet til friluftsliv og naturvern gå føre ei kraftutbygging med regulering av Stegsvatnet. Framlegg til vernegrense opnar for ei utbygging av elva frå Stegsvatnet og ned mot Legestøylen, men det vert altså utan nemnande regulering av Stegsvatnet.

Vernegrensa i Goddalen i Ålhus er alt trekt langt tilbake samanlikna med det som først var skissert, og fylkesmannen finn ikkje grunn til å trekkje grensa lenger tilbake.

Fylkesmannen ønskjer ikkje å endre grensa ved Styggjetjørna slik at fossen kommer utanfor verneområdet.

Når det gjeld Forsvaret sitt anlegg i Nedrebødalen, peikar fylkesmannen på at det er omlag 150 m frå lageret til vernegrensa, og omlag 40 meter høgdeskilnad. Dersom vernegrensa skal trekkjast heilt opp til 900 meters høgdekote, vil ein kome heilt opp på høgfjellet. Så vidt fylkesmannen veit er det ikkje planlagt nokon vanleg skytebane i Nedrebødalen. Restriksjonane i sikringssona vil ikkje vere i strid med vernereglane, men fylkesmannen rår til at framlegget til forskrift vert endra slik at Forsvaret kan søke etter og rydde vekk eventuelle sprenglekamar som ved uhell landar inne i verneområdet.

Direktoratet for naturforvaltning (i tilråding av 31. oktober 2001) er samd i fylkesmannen sine grensevurderingar og støttar fylkesmannen si tilråding til grense.

Som nemnd under avsnittet om sakshandsaming, er det i gjeldande kommunedelplan i Gloppen kommune eit godkjent hyttefelt og naust-rekkje innanfor fylkesmannen si tilråding til grense i Traudalen. Fylkesmannen har i ettertid blitt kjent med dette, og går inn for ei mindre grenseendring i Traudalen i Gloppen slik at alle hyttene i det planlagde hyttefeltet fell utanfor verneområdet. Den planlagde naust-rekkja ved Traudalsvatnet blir liggjande innanfor. Direktoratet støttar fylkesmannen si tilråding også her.

Forsvaret har ikkje merknader til verneframlegget etter fylkesmannen sine justeringar etter høyringa.

#### Nye merknader til avgrensinga komne inn etter 2001

Ein grunneigar har i brev av 22. september 2004 lagt fram ønske om endring av vernegrensa av omsyn til eit påtenkt kraftutbyggingsprosjekt i Nydalselva i Jølster kommune. Grunneigaren meiner at grensa bør trekkjast frå Tverrliholten via Raudskarnakken og Vardefjellet (N. Brekkefjellet) til GP-56 der ein kjem tilbake til vernegrensa det er gjort framlegg om i verneplanen.

Jølster kommune tilrår i vedtak i juni 2005 at vernegrensa blir justert i samsvar med ovannemnde.

Holme Grunneigarlag har i brev i oktober 2005 lagt fram ønske om endring av vernegrensa ovanfor Holme i Gloppen kommune av omsyn til ei potensiell kraftutbygging knytt til elvane på Holme. Grunneigarlaget meiner at grensa bør følgje vasskiljet frå Sessaegga og inn til Holvegga. Dersom vernegrensa ikkje blir endra, ønskjer grunneigarlaget at det blir gitt høve til utbygging i verneområdet.

Gloppen kommune har i brev av 8. november 2005 fremja eit ønske om at kraftproduksjon i mindre skala inn mot verneområdet vert mogleg.

Direktoratet for naturforvaltning (i brev av 15. mars 2005 og 15. november 2005) viser til at omsynet til andre interesser gjorde at framlegget til verneområde vart vesentleg redusert i høve til framlegget frå Statens naturvernråd i NOU 1986:13. Direktoratet peikar på at tilrådinga til avgrensing som vart send Miljøverndepartementet difor har svært prioriterte verneverdiar i høve til andre interesser. Når det gjeld utbyggingsprosjektet i Jølster, viser direktoratet til at det aktuelle området i Jølster kommune er ein del av verneområdet som er klassifisert som eineståande landskap i regionen. Nydalen er ein hengjande bredal som det er ønskjeleg å ha med i verneområdet. Inngrep her vil også sterkt påverke inngrepsstatusen i denne delen av landskapsvernområdet. Ei grenseendring som ønskt av grunneigar vil også gje ei uheldig arrondering av den søraustre delen av området. Direktoratet vil dessutan peike på at det utanfor vernegrensa vil vere eit fall i Nydalselva på nærmare 600 høgdemeter som grunneigar framleis kan søkje om å få byggje ut. På denne bakgrunnen meiner direktoratet, i samråd med fylkesmannen, at grensa ikkje bør endrast.

Det skisserte prosjektet i Gloppen vurderer direktoratet som eit relativt omfattande prosjekt, mellom anna med eit reguleringsmagasin i dei øvre delane. Direktoratet mei-



ner prosjektet ikkje kan sameinast med landskapsvern, og at ei utbygging vil krevje endring av den grensa for verneområdet som er tilrådd av fylkesmannen og direktoratet. Direktoratet meiner den skisserte utbygginga vil endre det urørte preget som landskapet mellom Traudalen og Hyefjorden har. Direktoratet peikar på at dette området utgjer ein viktig del av heilskapen i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Direktoratet meiner utbygginga vil redusere opplevingskvalitetane i dette fjellpartiet med kontakt mot Hyefjorden. På denne bakgrunnen meiner direktoratet, i samråd med fylkesmannen, at grensa ikkje bør endrast.

Miljøverndepartementet finn grunn til å kommentere tilhøvet til kraftutbygging, jf. mellom anna NVEs uttale datert 11. oktober 2000. Miljøverndepartementet viser til Soria-Moria-erklæringa, der det heiter: *"Vassdragsnaturen er unik. Norge har et internasjonalt ansvar for å verne om og forvalte denne naturarven. Hensynet til kommende generasjoners naturopplevelser tilsier en restriktiv holdning til videre vassdragsutbygging, og at vi lar de aller fleste vassdrag som står igjen forbli urørte. Eksisterende vannkraftstruktur må utnyttes bedre, og bruken av små-, mini- og mikrokraftverk må økes, uten å komme i konflikt med naturverninteresser. Slike kraftverk i verna vassdrag skal i hovedsak konsesjonsbehandles."* Dette må etter departementet si oppfatning vere retningsgjevande for korleis ein no ser på kraftutbygging som kan redusere naturverdiane i Naustdal-Gjengedalområdet.

Departementet viser til at Stortinget ved handsaminga av St.prp.nr.75 (2003-2004) *Supplering av Verneplan for vassdrag* i 2005 tok Nausta inn i Verneplan for vassdrag.

I uttalen frå NVE går det fram at eit kraftutbyggingsprosjekt i kategori I i Samla plan i Gjengedalsvassdraget føreligg konsesjonssøkt med senking av Storevatnet med 28 meter. I høyringsuttalen legg NVE til grunn at miljøvernstyresmaktene finn løysingar som ikkje er til hinder for at prosjekt i Samla plan kategori I kan konsesjonshandsamast. Miljøverndepartementet viser til at utbyggingsprosjektet Gjengedal vart plassert i kategori I i den første stortingsmeldinga om Samla plan som vart handsama av Stortinget i 1986. Likevel var datagrunnlaget den gongen slik at prosjektet var plassert i kategori II i hovudrapporten. Miljøverndepartementet viser til at prosjektet Gjengedal vart omtala i St.meld.nr.62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Det er der uttrykt at den vidare handsaminga av verneframlegget parallelt med konsesjonshandsaming av vasskraftprosjektet vil avklare tilhøvet mellom vern og utbygging. Miljøverndepartementet meiner situasjonen i dag er at konfliktnivået mellom utbygging og vern av Storevatnet er høgt. Kategori-I-plasseringa for over 20 år sidan gir difor ikkje eit rett bilete av korleis ein vurderer Gjengedal-prosjektet i dag.

Miljøverndepartementet viser til at i følgje nye opplysningar frå NVE har no statusen for søknaden frå 1988, som har "ligge på is" i lang tid, blitt endra slik at prosjektet ikkje lenger har status som konsesjonssøkt.

Miljøverndepartementet viser vidare til omtalen av Gjengedalsvassdraget ved Stortinget si handsaming av St.prp.nr.75 (2003-2004) *Supplering av Verneplan for vassdrag*. Stortinget støtta framlegget i proposisjonen om ikkje å ta inn Gjengedalsvassdraget i Verne-

plan for vassdrag. Det går fram av proposisjonen at NVE ser at Gjengedalsvassdraget har store verneverdiar, men meiner at dei mest vesentlege verneverdiane og omsynet til urørtheit vil kunne ivaretakast gjennom vern etter naturvernloven. NVE tilrådde difor at vassdraget ikkje blir teke med i Verneplan for vassdrag. Miljøverndepartementet vil peike på at Direktoratet for naturforvaltning har lagt fram si tilråding når det gjeld avgrensing av eit landskapsvernområde for å ivareta dei viktigaste naturverdiane etter naturvernloven i Naustdal-Gjengedalområdet. Dette inneber mellom anna at vernegrensa blir trekt tvers over Storevatnet (alternativ 1). Etter samråd med Olje- og energidepartementet, sluttar Miljøverndepartementet seg til direktoratet si tilråding på dette punktet.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet si tilråding når det gjeld kraftutbyggingsprosjekta i Nydalselva i Jølster og ved Holme i Gloppen.

Miljøverndepartementet viser til at Statnett planlegg ein kraftleidning mellom Ørskog i Møre og Romsdal og Fardal i Sogn. Departementet presiserer at ingen av dei aktuelle utbyggingstraséane kjem i konflikt med det føreslåtte verneområdet.

Miljøverndepartementet sluttar seg elles til direktoratet si tilråding når det gjeld avgrensinga av landskapsvernområdet.

### 12.3 Merknader til forskrifta

Alle dei aktuelle kommunane går i mot oppretting av landskapsvernområde, men dei har vurdert og kommentert det konkrete framlegget til forskrift slik det går fram av merknadene under. Gloppen kommune er i prinsippet for at kommunen skal ha forvaltningsansvaret for landskapsvernområdet, men p.g.a. for dårleg kjennskap til kva ansvaret inneber, går ikkje kommunen inn for dette no. Dei andre kommunane går inn for lokal, interkommunal forvaltning av verneområdet, men krev varig og fullstendig dekking av utgiftene til forvaltninga. Gloppen kommune meiner kapittelet om motorferdsel i verneforskrifta kan strykast fordi Lov om motorferdsel i utmark regulerer desse forholda godt nok. Jølster kommune er tilfreds med at det i framlegg til vernereglar er tatt omsyn til tradisjonell bruk av området. Naustdal kommune krev at det vert oppretta ei særordning som opnar for langsiktig planlegging i jordbruket for stølsområda Vona til Gotdalen. Kommunen krev også at reglane om motorferdsel må tillate Naustdal Røde Kors sin aktivitet og motorferdsel i samband med næringsverksemd, og at vernereglane kan justerast etter endringar i landbruksdrift og marknadsforhold. Ein grunneigar og ein hytteeigar meiner landbruksdrift ikkje vert skadelidande av verneområdet. Hytteeigaren meiner også at det må leggest til rette for turisme i form av varsam hyttebygging, og at det må kunne byggast veg inntil Olastøylen og opnast for kraftutbygging.

Ein grunneigar fryktar at vern vil føre til auka restriksjonar og auka ferdsle og at det vil bli vanskelegare å få løyve til skogsdrift og transport.

Grunneigarlaget i Instedalen, grunneigarane på Mjelle og Rognkleiv i Hyen og Naustdal Høgre meiner verneforskriftene er for restriktive.

Reinen og Bruflot Sankelag ønskjer å forvalte utmarka slik som er tenleg til ei kvar tid – noko som kan føre til endringar av dyretal og dyreslag. Dei må også kunne hogge ved og hauste av utmarka på ein høveleg måte.

Fitje Sameige ønskjer at det skal vere høve til å få dispensasjon for å kunne byggje nye stølshus til bruk som i dag ikkje har det, og dispensasjon til å byggje ein enkel traktorveg frå Fitjedalen over Ytre Skaret og inn til stølen.

Grunneigarane på Arnestad meiner det må vere mogleg å rydde skog til beite, hogge ved og hogge furuskog til båtbygging. Dei treng naust til båtane på Langedalsvatnet, og råsa (stien, tråkket) langs vatnet må kunne utbetrast. Dei vil ha eit lite hyttefelt ved Arnestadstøylen med ei hytte til bruka med eigedomsrett eller beiterett i området. Dei vil gjenreise løene og byggje gjetarhytte.

Fem grunneigarar i Gjengedalen meiner regelverket ligg for nær opp til reglane for nasjonalparker. Dei vil ha høve til å føre opp hytter og lør på tomter som har vore i bruk tidlegare, og dei ber om at grunneigarane vert forvaltningsstyresmakt.

Grunneigarar i Gjengedal, Ommedal og Aa uttaler at reglane ikkje må vere strengare enn naudsynt og har konkrete merknader til regelverket, mellom anna meir tidsmessige driftsmetodar, reglar for mindre bygningar og inngrep i landskapet, og reglar for skogsdrifta.

Søreide Sankelag og Søreide/Ryssdal Utmarkslag går ut frå at dei får løyve til motorferdsel for å ivareta jordbruksinteresser og vedlikehalde installasjonar.

Ein grunneigar meiner den aktuelle vegen i Traudalen bør gå nede ved vatnet.

Grunneigarlaget i Helgheimsdalen protesterer mot at beite i verneområdet berre skal gjelde tradisjonelt beite og ikkje nye dyreslag.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag meiner vernereglane må gje rom for tidsrett landbruksdrift. Dei meiner at det ikkje bør vere naudsynt å søkje om dispensasjon for tiltak som gjeld bygningar og vintervegar. Det må takast høgde for at det kan verte aktuelt å beite med andre og fleire dyr enn det som er der i dag. Det bør også vere mogeleg å drive suppleringsplanting av skog. Reglane om ferdslar må ikkje vere til hinder for bruk av hest i til dømes "grøn omsorg", og uttrykket beltekøyrety bør erstattast med motorkøyrety. Begge organisasjonane meiner at kommunane bør få forvaltningsansvaret, og at grunneigarane må takast med ved utarbeiding av forvaltningsplan.

Norges Bondelag og Norges skogeierforbund registrerer at vernereglane ikkje er til hinder for den tradisjonelle landbruksdrifta, men dei synest forskriftene legg for mykje restriksjonar på skogsdrifta, og etterlyser rom for framtidige naudsynte endringar. Begge organisasjonane går inn for lokal forvaltning.

Norges Naturvernforbund meiner vernereglane ikkje bør opne for vassdragsregulering innanfor landskapsvernområdet, heller ikkje om reguleringa skjer innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Naturvernforbundet ser på vegen i Traudalen som eit unntak som ikkje må danne regel for resten av verneområdet. Naturvernforbundet går inn for at forvaltningsstyresmakta vert lagt til fylkesmannen og ikkje til kommunane fordi nasjonale verneverdiar bør forvaltast av eit organ som representerer nasjonale interesser.

Sogn og Fjordane turlag går imot all vassdragsregulering av Storevatnet og Stegsvatnet. Turlaget peikar òg på at arealet av villmarksprega område vil bli redusert dersom Storevatnet blir regulert. Turlaget går inn for at forvaltningsansvaret vert lagt til fylkesmannen.

Riksantikvaren ber om at regelverket vert justert slik at kulturminnestyresmaktene vert tekne med på råd i samband med vedlikehald på bygningar og eventuell riving av bygningar, og at heimelen til å innføre restriksjonar på ferdsel vert utvida til også å gjelde kulturmiljø. Forvaltningsplanen bør også utarbeidast i samarbeid med kulturminnestyresmaktene. Riksantikvaren meiner det er positivt at kommunane får forvaltningsansvaret for verneområdet dersom forholda ligg til rette for det. Dei meiner det er naudsynt å sikre ei tradisjonell landbruksnæring i området for å ta vare på kulturlandskapet. Statens Naturforvaltningsråd går inn for at fylkesmannen får forvaltningsansvaret.

Fylkesmannen meiner planframlegget tek omsyn til landbruksinteressene både ved grensetrekkinga og ved utforminga av reglar. Reglane legg ikkje urimelege hindringar på vanleg landbruksdrift i området. Fylkesmannen er samd i at reglane ikkje må vere strengare enn naudsynt, men kan heller ikkje operere med ei verneforskrift utan at reglane på nokre viktige område er strengare enn i eit vanleg LNF-område.

Det tradisjonelle næringsgrunnlaget med beitebruk, jakt og fiske kan halde fram som tidlegare. Vedhogst og anna hogst kan halde fram med visse restriksjonar. Skogsdrift kan også halde fram så sant det skjer utan nye skogsvegar innover i dalføret. Vernereglane opnar for motorferdsel med traktor og snøscooter.

Fylkesmannen ønskjer ikkje å opne for innføring av nye dyreslag som ikkje har vore vanleg i norsk landbruk. Tradisjonelt beite med dei dyreslaga som har vore i området i lange tider, har delvis vore med på å forme landskap og vegetasjon. Framleis beiting med desse dyreslaga vil vere ein fordel for verneområdet. I eit landskapsvernområde skal vi ta vare på naturmiljø og landskap, og det bør difor ikkje vere opning for å tillate beiting med nye dyreartar i slike område.

Transport av ved og tømmer utanom veg kan skje på vinterføre, eller eventuelt ved hjelp av båt.

I regelverket er det opna for å gje løyve til oppføring av nye bygningar i samband med jordbruksdrift eller når gamle stølshus har ramla ned. Fylkesmannen tilrår at regelverket vert endra til også å gjelde naust for dei som har bruksrettar i området. Eit nytt hyttefelt ved Arnestadstøylen var noko fylkesmannen i første omgang ikkje tilrådde, men etter å ha fått nye opplysningar i saka, finn fylkesmannen likevel å kunne gå inn for dette.

Når det gjeld spørsmålet om ei særordning for stølsområda Vona til Gotdalen, kan ikkje fylkesmannen sjå at desse stølane/stølsområda innanfor framlegg til vernegrense skil seg ut framfor andre stølsområde innafor grensa. Fylkesmannen viser elles til landbruksdirektøren sine merknader der det heiter: *"Det ligg ein del stolar innafor landskapsvernområdet. Desse er ikkje i aktiv drift, d.v.s. at det er ikkje tradisjonell stølsdrift i samband med mjølkeproduksjon, men områda blir nytta som beite. Ved at vernereglane opnar for m.a. beiting, bygging og vedlikehald av driftsbygningar i samband med landbruksdrift, meiner vi at omsynet til også desse stølane er ivareteke."*

Når det gjeld reglane for motorferdsel i høve Naustdal Røde Kors og for næringsverksemd, peikar fylkesmannen på at reglane opnar for slik aktivitet. Ved utarbeiding av ein forvaltningsplan vil ein syne korleis forskriftene skal praktiserast for å sikre at det ikkje oppstår unødvendige konflikhtar.

Fylkesmannen vil ikkje tilrå at det vert opna for å byggje traktorveg inn til Fitjestøylen. Det er ikkje påvist landbruksinteresser i området som forsvarar trongen for ein slik veg, og det er vanskeleg å føre fram ein veg over Ytre Skaret utan at det vert sterkt synleg i terrenget.

Transporten inn til Arnestadstøylen og Fitjestøylen kan skje med båt, og i den samanheng gjer fylkesmannen framlegg om at forskrifta opnar for å bruke båt med motor i samband med transport for landbruk/næring.

Det stemmer at Jordskifteretten planla den aktuelle vegen i Traudalen langs vatnet, medan den traseen fylkesmannen har opna for i denne planen ligg lenger oppe i lia. Dette vil både vere betre for skogsdrifta og til mindre skade for landskapet. Fylkesmannen har ikkje akseptert ein ny veg inn langs strandlinja.

Til merknadene om at det ikkje bør vere naudsynt å søke om løyve for å flytte bygningar og bygge vintervegar, gjer fylkesmannen merksam på at bygningar må ha løyve etter plan- og bygningsloven. Vernereglane for landskapsvernområde bør ikkje vere mindre strenge enn plan- og bygningsloven, og fylkesmannen kan ikkje sjå at det vert meirarbeid for søkjar om søknaden også vert handsama etter verneforskrifta. Vintervegar vil bli handsama som ein del av hogstplanar, og vil difor heller ikkje medføre meirarbeid for søkjar. Fylkesmannen meiner difor ein må ha løyve for desse tiltaka.

Kommunane har uttrykt ønske om å overta forvaltningsansvaret for dette området. Forvaltninga må utøvast i samsvar med verneforskrift og nasjonale retningslinjer.

Det vil vere naturleg at kulturavdelinga i fylket vert trekt inn som rådgjevar i samband med riving og vedlikehald av bygg. Dette kan i tilfelle ordnast slik at rivings- og/eller byggemeldingar blir sende til orientering til kulturavdelinga og at partane på eiga initiativ tek kontakt.

Direktoratet for naturforvaltning sluttar seg til fylkesmannen sine merknader. Direktoratet har i tillegg stroke to setningar frå forskrifta. Desse er av opplysende karakter, og momenta høyrer etter direktoratet si meining heime i ein forvaltningsplan. Setningane som er stroke er:

*-"Ved innfartsområda skal det setjast opp grensemerke med skilt og kart som syner verneområdet". (Pkt. I)*

*-"Forvaltning av freda rovvilt skjer i samsvar med "Forskrift om forvaltning av bjørn, jerv, ulv og gaupe", med eventuelle seinare endringar." (Pkt. III, nr. 3.3)*

Som før nemnd, går fylkesmannen inn for at det kan gjevast løyve til bygging av naust i tråd med godkjent kommunedelplan i Traudalen og bygging av inntil ni hytter ved Ar-

nestadstøylen i Langedalen. Direktoratet er samd med fylkesmannen og har tatt inn i forskrifta at det kan gjevast løyve til dette. Direktoratet vil presisere at bygging av hytter i Langedalen skal skje etter ein plan i tråd med markert planområde i fylkesmannen sitt brev av 14. september 2001 til Gloppen kommune og Direktoratet for naturforvaltning. Nærare vilkår skal gjevast i forvaltningsplanen for verneområdet, og det skal leggjast vekt på ein nøktern og tradisjonell byggjeskikk.

Etter høyringa er det gjort presiseringar i forskrifta i høve til regulering av to vatn. Dette inneber at vasstanden etter regulering skal ligge innanfor øvre og nedre naturlege vasstandsnivå i staden for – som det sto i høyringsframlegget - innanfor den naturlege årsvariasjonen. Direktoratet peikar elles på at denne regelen (§ 3 pkt. 1.2.e) er meint som eit kompromiss mellom Nasjonalparkplanen og Samla plan som det er semje om i styringsgruppa. Styringsgruppa har ikkje sett det som aktuelt med andre vassdragsreguleringar i verneområdet.

Direktoratet er innstilt på å overføre formell mynde for verneforskrifta til dei kommunane som ønskjer det. Kommunar som får delegert forvaltningsansvar, vil gratis få bistand frå Statens naturoppsyn til konkrete oppgåver som oppsyn, informasjon, tilrettelegging og skjøtsel så langt det er ledig kapasitet. Direktoratet vil likevel understreke at dette er avhengig av årlege løyvingar frå Stortinget og såleis kan variere. Kommunar som ønskjer forvaltningsansvar, må difor akseptere at det er knytt uvisse til framtidige budsjett, noko som kan innebære at dei sjølve må bere ein vesentleg del av kostnadene med forvaltninga.

Miljøverndepartementet viser til at ein av kommunane har meint at det ikkje er naudsynt med eigne reglar i verneforskrifta om motorferdsel. Departementet legg til grunn at ein i verneområde som dette vil sikre at motorferdsel blir vurdert spesielt i høve til verneverdiane gjennom særskilde reglar i verneforskrifta. I dette tilfellet er dette naudsynt av omsyn til opplevingskvalitetane, jf. verneformålet. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag gjeld i tillegg til desse reglane, men gir ikkje løyve ut over det vernereglane bestemmer.

Miljøverndepartementet har gjort ein del presiseringar og justeringar i forskrifta for at forskrifta skal bli så brukarvenleg som mogleg. Mellom anna er teksten under "Formål" justert i samråd med direktoratet. Departementet har òg teke inn reglar om forureining i forskrifta i tråd med kva som er vanleg i denne typen verneforskrifter no. I forskrifta § 3 pkt. 5.2.a og 5.3.a har departementet teke inn ei presisering som gjeld øvingskøyring. I forskrifta § 3 pkt. 1.3.i og § 3 pkt. 2.4. er det omtalt tiltak "i samhøve med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta". Departementet presiserer at det gjennom dette er opna for å løyse avgrensa problemstillingar om bruken av området utan å gå vegen om ein meir omfattande forvaltningsplan. Departementet meiner regelen under § 3 pkt. 1.3. om "riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter" er utydeleg og vil vere vanskeleg å praktisere. Departementet har difor teke denne regelen ut av forskrifta. Departementet har i samråd med fylkesmannen og direktoratet teke inn i forskrifta ei presisering om at vernet ikkje er til hinder for rydding av beitemark som har grodd til, beiting, lauving og slått.

Miljøverndepartementet har i samråd med Nærings- og handelsdepartementet teke inn i forskrifta ein regel om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til "prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift". Regelen er knytt til det muta området i Ålhus i Jølster.

Miljøverndepartementet har i samråd med Landbruks- og matdepartementet justert ordlyden i forskrifta § 3 punkt 1.3.c, slik at den første delen av regelen får følgjande ordlyd (endringar i kursiv): "Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med *landbruksdrift* som ikkje er i strid med verneformålet *i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5*". Miljøverndepartementet legg til grunn at forvaltningsplanen skal innehalde ei rettleiing om kva slags tilfelle denne regelen kan omfatte. Departementet presiserer at landbrukstiltak og -drift som vil gjere naturverdiar ringare, ikkje kan skje innanfor verneområdet.

Miljøverndepartementet har i samråd med Landbruks- og matdepartementet teke inn i forskrifta ein regel som opnar for motorferdsel i samband med uttransport av sjuke eller skadde husdyr.

Miljøverndepartementet har i samråd med Landbruks- og matdepartementet vurdert tilhøvet til tiltak for å hindre spreiding av planteskadegjerarar eller smittestoff etter lov 19. desember 2003 nr 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) §§ 23 første ledd og 24. Miljøverndepartementet viser til at dersom det i spesielle tilfelle skulle bli behov for å setje inn tiltak etter matloven innanfor landskapsvernområdet, vil det kunne dispenserast for dette etter dei generelle dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Ein eventuell dispensasjon skal iverksetjast utan opphald i samsvar med dei tiltaka loven krev.

Miljøverndepartementet viser til merknadene frå Norges Naturvernforbund og Sogn og Fjordane turlag som er knytt til reglane om regulering av Storevatnet og Stegsvatnet (forskriftas § 3 pkt. 1.2.e). Forskriftsframlegget frå fylkesmannen og direktoratet inneber at vernereglane ikkje er til hinder for regulering av Storevatnet og Stegsvatnet under føresetnad av at vasstanden ligg innanfor øvre og nedre naturlege nivå. Innanfor landskapsvernområdet finst areal med villmarkspreg. Omfanget av villmarksprega område i Noreg er monaleg redusert dei siste hundre åra, og det er eit mål i miljøvernpolitikken å sikre at attverande naturområde med urørt preg blir tekne vare på (jf. mellom anna St.prp. nr. 1 (2008-2009) frå Miljøverndepartementet s. 56).

Departementet har vurdert om direktoratet sitt framlegg til forskriftsregel vil kunne føre til redusert areal av villmarksprega område innanfor landskapsvernområdet. Det er klarlagt at ei regulering som innanfor grensene for verneområdet berre omfattar endringar av vasstanden innanfor øvre og nedre naturlege nivå, ikkje er av ein slik karakter at det vil redusere arealet av villmarksprega område. Departementet finn difor å kunne slutte seg til direktoratet sitt framlegg til unnatak i verneforskrifta, jf. § 3 pkt. 1.2.e. Departementet presiserer at ei eventuell regulering ikkje vil kunne omfatte andre tiltak enn vasstandsending, slik som til dømes tekniske installasjonar, innanfor verneområ-

det. Departementet presiserer vidare at det gjennom forskriftsregelen ikkje er teke stilling til spørsmål som gjeld etablering av tekniske installasjonar utanfor verneområdet. Dette er spørsmål som må vurderast i konsesjonsbehandlingen av eit eventuelt tiltak.

I sluttfasen av arbeidet med verneplanen har departementet mottatt eit innspel som gjeld regelen i forskrifta § 3 pkt. 5.2 om at forbodet mot motorferdsel ikkje gjeld bruk av påhengsmotor på Storevatnet. Innspelet går ut på å endre denne regelen slik at det blir tillate å bruke berre elektrisk påhengsmotor. Departementet meiner at det er naudsynt med høyring før ei slik endring eventuelt kan gjennomførast og går dermed ikkje inn for å endre forskriftsframlegget på dette punktet no. Departementet vil likevel peike på at ein kan vurdere å handsame dette spørsmålet i samband med forvaltningsplanarbeidet.

I sluttfasen av arbeidet med verneplanen har Naustdal kommune bedt om at det i verneforskrifta blir tatt inn ein regel om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å byggje ein enkel traktorveg til Nesstølen. Ønsket er særleg grunngeve med at ein traktorveg vil gje lettare tilkomst til beiteområda aust for Vonavatnet. Etter ei vurdering av ulike omsyn, meiner departementet at ein kan opne for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av ein traktorveg til Nesstølen. Det må setjast strenge krav til tilpassing til landskapet. Departementet legg til grunn at eit eventuelt løyve skal byggje på ei landskapsfagleg vurdering av korleis traktorvegen kan tilpassast landskapet på best mogleg måte. Av omsyn til beitebruk er forskrifta difor endra. Motorferdsel på traktorvegen må skje i tråd med reglane i motorferdselsloven.

Miljøverndepartementet legg til grunn at ei eventuell utvikling av turistverksemd i verneområdet skjer på ein miljøtilpassa måte innanfor verneforskrifta sine rammer, slik at verneverdiar ikkje blir øydelagde, jf. mellom anna St.prp. nr. 65 (2002-2003) og Innst.S. nr. 260 (2002-2003) der bruk, vern og verdiskaping i fjellområda er handsama.

Når det gjeld spørsmålet om forvaltningsansvar, viser departementet til omtalen i kapitlet "Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar".

Miljøverndepartementet sluttar seg elles til direktoratet si tilråding.



Miljøverndepartementet

tilrår:

Forskrift om verneplan for Naustdal-Gjengedal blir fastsett i samsvar med det vedlagte framlegget (vedlegg 1).

## Innhald

1	FRAMLEGG	1
2	HEIMELSGRUNNLAG	1
3	VERNEVERDIAR	1
4	TRUGSMÅL MOT VERNEVERDIANE	2
5	ANDRE INTERESSER	2
6	PLANSTATUS	2
7	SAKSHANDSAMING	2
7.1	Bakgrunn	2
7.2	Saksgang	3
7.3	Forholdet til konsekvensutgreiingar	5
8	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER PLANPROSESSEN	5
8.1	Avgrensing	5
8.2	Forskrift	5
8.3	Forvaltning	6
9	FORHOLDET TIL FYLKESDELPLAN FOR NAUSTDAL-GJENGEDAL	6
10	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA	6
11	HØYRING AV VERNEFRAMLEGGET	7
12	MERKNADER TIL VERNEFRAMLEGGET	8
12.1	Generelle merknader	8
12.2	Merknader til avgrensinga	11
12.3	Merknader til forskrifta	18